

ÅRSMELDING MANGER IDRETTSLAG 2015

Styret i forrige periode har vore samansett slik

Leiar	Odd Helge Hagen
Nestleiar	Odd Matre
Styremedl.	Truls Reigstad (kasserar)
	Gry Kjersti Birkeland (handball)
	Johnny Hermansen
Varamedl.	Atle Vaage
	John Bauge

Aktivitet i laget:

Handball: Laget har eit jentelag som er med i serien i Hordaland handballkrets. Gruppa har styrt seg sjølv og får tilskot frå hovedlaget til drift etter behov.

Volleyball: Eit jentelag som var med i serien våren 2015 med Marianne Kolstad Tjore som trenar. Frå haustsesongen 2015 var det ingen som ville ta på seg ansvaret som trenar og det er f- t inga drift i volleyballgruppa. Håpar det kan starte opp att så snart som mogleg.

Orientering: Laget arrangerer eitt løp i Nordhordlandskarusellen. Til dette får me hjelp av andre klubbar i Nordhordland. Me har også turorientering innan O – kartet sitt område. Mål er å få fleire til å delta i turorientering.

Boccia: I november 2015 meldte me inn bocciagruppe i Norges Fleridrettsforbund. Gruppa spelar kampar i serien i Hordaland og gruppeleiar er Tanja Smeding.

Rehabilitering Grønålen: Målet med å leggje nytt kunstgras i Grønålen vart realisert i 2015. Arbeidsgruppa jobba godt. Finansiering er ved opptak av lån i Sparebanken vest på kr.2.900.000,-. Me fekk tilskot på kr. 500.000, frå Mohnfondet til Hordaland fotballkrets. Det vart inngått avtale med Radøy kommune om leige av idrettsanlegget med f.t. kr. 150.000,- pr år og med avtlale med Radøy/Manger fk om leige av fotballbana med f.t. kr. 100.000,- pr år. Planlegging av arbeidet vart utført av Arco konsult og firmaet Sport Surface til hovedentreprenør for legging av nytt kunstgras. Medlemmer og andre lokale krefter var med å jobba dugnad ved delar av legging av kunsgraset. Takk til alle desse.

Det vart oppretta banenemnd som bl.a. skal ta seg av det daglege vedlikehald av anlegget. Nemnda består av følgjande: Atle Vaage, Eivind Tveiten, Kurt Barvåg, Ove Grindheim og Frode Ynnesdal.

I samarbeid med Radøy kommune har det vore jobba med planar å få til ei turløype i området Radøyhallen, Grønålen og Manger senter. Planen var å få til ei ca 2 km lang universell utforma løype. Planarbeidet har gått litt tregt og det vert no sett på ulike modellar.

Styret har å perioden vore aktive med å få fleire støtte medlemmer og grasrot medlemmer. For tida har me 36 grasrot medlemmer og me nærmar oss 100 støttemedlemmer.

For 24. gong arrangerte med 3-fjellsmarsjen Kr. Himmelfartstorsdag med godt resultat. Fint overskot og nesten 300 deltakarar.

Odd Helge Hagen har i perioden vore medlem i Radøy idrettsråd. Han har også deltatt på Hordaland idrettskrets sin idrettsrådskonferanse.

Me har f.t ganske god økonomi i laget og har kontroll både på inntekter og utgifter.

I 2015 har det vorte jobba godt og takkar alle for god innsats.

Mål for 2016: Arbeide vidare med minianlegg for friidrett, bocciabane og gjere ferdig klubbhuset i Grønålen. Få fleire støttemedlemmer og grasrotmedlemmer. Få i gang att volleyballgruppa og prøve å få meir aktivitet i O-gruppa. Jobbe for å få til turløypa i samarbeid med kommunen og evt andre støttespelarar.

I 2015 har det vorte jobba godt og takkar alle for god innsats.

Manger, 13. mars 2016

Odd Helge Hagen (s)

leiar